



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar
Monica Dahlmo, 51 56 89 66

Fastsetting av forskrift om regionalt miljøtilskot i Rogaland

Statsforvaltaren i Rogaland har i dag fastsett ny forskrift om regionalt miljøtilskot i jordbruket, Rogaland (heretter RMP-forskrifta), sjå vedlegg. Forskrifta erstattar forskrift av 17. juni nr. 740 om regionalt miljøtilskot i jordbruket, Rogaland.

Framlegg til ny forskrift blei saman med nytt regionalt miljøprogram for Rogaland 2023–2026 (RMP) sendt på open høyring 30. januar 2023 med høyringsfrist 1. mars. I forkant av høyringa blei det halde fem opne digitale møte om rulleringa av regionalt miljøprogram etter miljøtema i programmet:

- [22. juni: Temamøte om gjødselressursane i Rogaland](#)
- [29. august: Temamøte om friluftsliv](#)
- [13. september: Temamøte om kulturminne og kulturmiljø- blei avlyst.](#)
- [20. september: Temamøte om jord og jordhelse, fokus på biokull](#)
- [27. september: Temamøte om biologisk mangfold](#)
- [30. september: Temamøte om avrenning til vatn](#)

Mange av innspela gitt i møta blei forsøkt innarbeidd i utkastet til høyring. Vi fekk høyringssvar frå ni ulike organisasjonar. Vi gjer her greie for vår vurdering av desse, systematisert etter kapitla i forskrifta.

Bakgrunn

Landbruksdirektoratet har bedt Statsforvaltarane i Noreg om å utarbeide forskrift om regionalt miljøtilskot i jordbruket i bygd på instruks av 7. juli 2022 for regionale miljøtilskudd i jordbruket 2023–2026. Instruksen gir føringar for utforming av lokal forskrift, og det går fram av instruksen kvar det er regionalt handlingsrom. Vi kan berre ta stilling til innspel som kjem innanfor det regionale handlingsrommet i instruksen.

Framlegg til ny forskrift og nytt miljøprogram blei i forkant av høyringa sendt til Landbruksdirektoratet for gjennomgang og innarbeiding av kommentarar. Framlegget blei behandla av styringsgruppa for regionalt miljøprogram i Rogaland på styremøte 27. januar 2023.



Behandling av høyringssvar

Vi gjer her greie for vår vurdering av innkomne høyringssvar, systematisert etter kapitla i RMP-forskrifta.

Kulturlandskap

Tilskot til drift av bratt areal

Statsforvaltaren foreslo å føre vidare dagens regelverk for tilskot til skjøtsel av bratt areal utan endringar. Dette innebar krav om at søker minimum må ha 15 dekar bratt innmarksbeite for å utløse tilskot. Saksbehandlarsystemet handterer ikkje avgrensinga maskinelt, og kommunane må manuelt kontrollere søknadane. Fleire kommunar har bedt om at minimumsavgrensinga blir fjerna.

Vår vurdering

Avgrensinga blei sett for å målrette tilskotet til føretak som hadde størst ulempe med bratt areal. Auka økonomisk tilskotsramme i RMP gjer det mogleg å fjerne avgrensinga. Vi ser det skaper meir arbeid i kommunane, og tek innspelet til følge.

Tilskot til drift av beitelag

Statsforvaltaren foreslo å føre vidare dagens regelverk for tilskot til drift av beitelag. Vi har vore i dialog med beitelaga for å motivere dei til å samle seg om ei felles finansiering av sinking i tomme område. Det har blitt signalisert at dersom beitelaga lager ein felles avtale der alle beitelaga bruker 1kr/dyr av regionalt miljøtilskot til fellesordning, vil vi auke tilskotssatsen for drift av beitelag tilsvarende. Fellesløysinga er ikkje å sjå på som ein del av regionalt miljøprogram, men eit frivillig tiltak i regi av beitelaga.

Bjerkreim kommune foreslår også å auke kravet til beitetid for tilskot frå seks veker til åtte veker sidan det er foreslått å auke krav til beitetid for tilskot til kystlynghei til 10 veker. Bjerkreim kommune peikar også på problemet med «tomme heier», og foreslår at det blir vurdert å lage ei ordning ved å halde tilbake tilskot.

Vår vurdering

Tidlegare i «forskrift om tilskott til organisert beitebruk», nå oppheva, var det krav om åtte veker beitetid i utmark for tilskot til organisert beitebruk. Det er mogleg å auke krav til beitetid, men Statsforvaltaren vil ikkje gjøre det utan forutgåande høyring. Vi poengterer at tilskot til organisert beitebruk er meint for å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, og for å redusere tap på utmarksbeite gjennom organisert tilsyn, organisert sinking og andre målretta fellestiltak. Bruk av blanda beite nær driftssenter, det vil seie utmarksbeite utan gjerde mot innmarksbeite der dyra vekslar mellom å gå på gjødsla innmarksbeite og utmarksbeite, er ikkje etter intensjonen.

Tilskotet er meint å stimulere til samarbeid for bruke utmarksbeite der det er klare driftskostnadars knytt til tilsyn og sinking mv. Det er ikkje meint å vere eit ekstra beitetilskot, og det er ikkje høve til å overføre midlar direkte til medlemmar etter sauetalet eller pr. medlem.

Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark

Statsforvaltaren har ikkje motteke forslag til nye område, og dagens ordning blir ført uendra vidare.



Biologisk mangfald

Tilskot til beiting av kystlynghei

Statsforvaltaren foreslo å føre vidare tilskot til beiting av kystlynghei med auka krav til beitetid (frå 8 til 10 veker) for å poengtere at kystlyngheia har godt av å bli beita i skuldersesongane. Frå gamalt av blei kystlynghei nytta som vinterbeite. Forslaget om auka beitetid er støtta av Norsk landbruksrådgiving Rogaland, medan Sandnes kommune ønskjer å halde på dagens krav om 8 veker.

Vurdering

Beiting av kystlyngheia i skuldersesongane vår og haust er viktig for å få god nok skjøtsel av områda. Tidleg vårbeiting er bra for å hindre oppslag av buskar og tre. I område med blåtopp er det viktig med tilstrekkeleg beitetrykk i april/mai. Berre sommarbeite kan vere utilstrekkeleg for å stette kvaliteten på kystlynghei. Beiting i berre 8 veker kan vere utilstrekkeleg, og vi held på forslaget om 10 veker. Det er viktig å merke seg at tilskotet blir utmålt per dekar kystlynghei, og det er ikkje krav om at det er det einskilde dyret som skal ha beita i kystlyngheia i 10 veker (slik som krav til utmarksbeitetilskot i produksjonstilskot fungerer). Det er tilstrekkeleg at det har vore dyr, gjerne av ulike dyreslag, som har beita arealet i minimum 10 veker. Vi poengterer at beitetid er eit av fleire skjøtselsråd, og at det er utviklinga og kvaliteten på arealet som avgjer om skjøtselen kvalifiserer for tilskot.

Tilskot til brenning av kystlynghei

Tilskot til brenning av kystlynghei blei inkludert i RMP i tråd med innspela frå temamøte om biologisk mangfald. NLR Rogaland stettar forslaget om å innføre tilskotet, og synes det er uklart kva som er samanhengen mellom tilskot til brenning og tilskot til beiting. Dei poengterer også at det må kome meir tydeleg fram kva som er ein brenneplan. Dei foreslår også at det bør settast ein lengre frist for beitestart ved restaureringsbrenning.

Vurdering

Vi ser behova for dei presiseringane som NLR Rogaland påpeiker, og meiner dei kan gis i rettleiinga som blir utarbeid for kvar søknadsomgang. Vi ser også at det er behov for å utgreie grensegangen mellom bruk av SMIL-midlar til restaureringsbrenning og RMP-tilskot til vedlikehaldsbrenning. Ved tildeling av SMIL-midlar kan kommunen sette frist for beitestart tilpassa den einskilde saken.

Tilrettelegging av hekke om beiteområde for fugl

Tilskot til hekke- og beiteområde for fugl blei i høyringa foreslått ført vidare utan endringar. Parallelt med utarbeidinga av RMP har NIBIO eit prosjekt med å samanstille gardbrukarane i Rogaland sine erfaringar med vipestriper. Når NIBIO sitt arbeid er ferdig kan det vere nødvendig å gjere justeringar i tilskotsordninga. Randaberg kommune har gitt innspel til ordninga med vipestriper og påpeiker at vipa også legg på andre areal en pløgd areal, og at ho kan føretrekke gamal mark. Dei stiller spørsmål til om det er nødvendig å pløye arealet for å kvalifisere for tilskot.

Vurdering

Meldefristen for etablering av vipestriper blir endra frå 15. oktober året før til 1. mars same år, for å senke terskelen for å bli med på ordninga. Kommunen sitt behov for å kunne foreta stadleg kontroll vil etter vår vurdering framleis vere ivaretatt. Randaberg kommune sine erfaringar med kva slags areal vipa hekker er i tråd med signal frå vipebøndene. Vi endrar derfor forskrifta slik at den inkluderer all slags jordarbeidning, samt areal i stubb. Areal som har «svart jord i dagen» vil etter dette kvalifisere for tilskot. Kjemisk brakka areal blir ikkje inkludert i ordninga.



Kulturminne og kulturmiljø

Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Det blei i høyringa foreslått å føre vidare dagens ordning med tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne. Føretak som kan søkje tilskotet må minimum disponere 15 dekar automatisk freda kulturminne for å kunne få tilskot. Sandnes kommune og Bjerkreim kommune foreslår å fjerne avgrensinga då mange kan ha store ulemper i drifta sjølv med mindre areal.

Vurdering

Avgrensinga blei sett for å målrette tilskotet til føretak som hadde størst ulempa. Auka økonomisk tilskotsramme i RMP gjer det mogleg å fjerne avgrensinga, og vi tek innspelet til følge.

Friluftsliv

Tilskot til vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet blei i høyringa foreslått vidareført utan endringar. Det inneberer i dag at turstiar som ligg innanfor ein radius på tre km målt i luftlinje frå regulerte bustadfelt, eller ligg i område definert som friluftsområde i Regionale planar med oppfølgande kartfesting i aktuell kommuneplan, får høgare tilskotssats enn andre turstiar.

Kommunane Bjerkreim, Suldal og Sandnes ønskjer å inkludere fleire område inn i tiltaksklassen «høg tilrettelegging». Suldal ønskjer å få med regulerte hyttefelt «fordi utkantkommunar kan ha minst like mykje bruk av turstiar frå tilreisande som frå lokalbefolking. På same tid er det ønskeleg å gjere naturen tilgjengeleg også for desse gruppene». Bjerkreim meiner at «Pandemien gjorde at flere mennesker går på tur, og turmønsteret er endret, slik at avstanden til «befolkningssentra» er eit dårlig». Hå kommune peikar på behovet for å legge til rette for parkering, og meiner parkering bør vere eit krav for tilskotet.

Vurdering

Vi er samd i at det er fleire ting enn avstand frå tettstader som kan påverke kor mykje ei tursti blir brukt. Vi manglar andre objektive målemetodar. Eit alternativ er å berre ha ein tiltaksklasse, og same tilskotssats for alle turstiar uavhengig av kvar dei ligg. Det er ei klar overvekt av turstiar i høg sats, i 2021 var det 527 km tursti i høgsats medan det var 139 km i låg sats. Det vil krevje i overkant av 400 000 kr å ha same tilskotssats for låg tilrettelegging som for høg tilrettelegging. Det er ei klar forenkling for søker og forvaltning å berre ha ein tilskotsklasse. Vi tek difor forslaget til etterretning og endrar forskrifa. Etter dette blir det berre ein tiltaksklasse for tilskot til vedlikehald av turstiar.

Vi ser behovet for parkeringsplassar i samband med tilrettelagte turstiar. Vi ønskjer ikkje å sette særskilt krav til parkering. Det er krav til at turstien skal vere ein del av ei samanhengande tursti/turstinettsverk. Ved opparbeidning av samanhengande turstiar er tilkomst for allmenta ein viktig del.

Avrenning til vatn og jord og jordhelse

Statsforvaltaren foreslo i høyringa å føre vidare alle dagens tilskotsordningar. I tillegg blei det foreslått å inkludere tilskot til bruk av biokol i open åker. Tilskot til bruk av biokol er eit nytt tilskotsområde. Ei utfordring for forvaltninga er at biokol blir omsett i kubikk medan tilskotet blir utmålt i dekar.

Frivillige tiltak i landbruket har sendt innspele om å innføre tilskot til fangvekst som underkultur i korn, oljevekstar, belgvekstar, radkulturar eller mais.



Vurdering

Tilskot til biokol skal utmålast per kg, og det er nødvendig å sette krav til eigenvekt/tørrstoffinhald. Vi ser også at det er nødvendig å gjenta krav til produktkvalitet og opphav i instruksen i sjølve forskriftsteksten.

Vi tek innspellet frå Frivillige tiltak i landbruket til etterretning og inkluderer tilskot til fangvekst som underkultur i korn i RMP. Det har vore noko auke i kornproduksjonen i Rogaland, og tilskotet kan vere aktuelt for fleire produsentar.

Tap til luft

Tilskot til nedlegging og nedfelling av husdyrgjødsel gjeld i heile fylket, og har blitt ei stor ordning i RMP. I høyringa foreslo Statsforvaltaren å sette makstak på 6 tonn gjødsel per enkeltspreiing. I forkant blei det avklart med Landbruksdirektoratet at Statsforvaltaren hadde fullmakt til å sette eit slikt krav. Vi har mottatt to høyringssvar på forslaget. NLR Rogaland ønskjer ikkje makstak på 6 tonn per spreiing. Dei skriv at det normalt ikkje blir tilført meir inn 6 tonn husdyrgjødsel per spreiing, men at det kan skje ved stor vassinnblanding. Dei peikar også på at det ofte er eit mål at vårgjødslinga med husdyrgjødsel skal dekke kaliumbehovet, og at 6 tonn svært tynn husdyrgjødsel kan gi knapt med kalium, og behov for NK-gjødsel. Dei viser til faren for at bonden då endar opp med å kjøpe NPK-gjødsel som dermed bidreg med unødig fosfor.

Hå kommune støtter innføring av grense på 6 tonn per spreiing. Dei meiner kravet er viktig og også kunne vore på 5 tonn. Dei fortel om ei aukande tendens til å køyre store mengder, og ganske tidleg sidan slangespreieutstyret gjer det praktisk mogleg. Dei peikar på at det gir mykje større risiko for gjødsel i vassdrag, og at det heller ikkje er optimalt i høve til fordeling av næringsstoff. Dei poengterar at dersom bonden har behov for å køyre alt ut på våren, så er det fullt mogleg å fordele dette på to gjødslingar men nokre vekers mellomrom med slangespreiingsutstyret, og dermed behalde tilskotet.

Vurdering

Intensjonen med miljøtilskot til nedfelling og nedlegging av husdyrgjødsel er å minske tap av næringsstoff til luft og vatn. Gjødslingsutstyret som nyttast for å utløse miljøtilskot kan gjere det praktisk mogleg og billig å både køyre både tidlegare på våren enn vanleg, og med større mengder enn anbefalt. Store mengder husdyrgjødsel på jord som ikkje er lagleg gir auka fare for avrenning - stikk i strid med formålet med tilskotet. Ei grense på 6 tonn kan redusere faren for avrenning, og vi meiner grensa under normale tilhøve er tilstrekkeleg for vårgjødsling av eng. Vi meiner fastsetting av maksgrense er viktig for å sikre intensjonen med miljøtilskotet. All bruk av husdyrgjødsel skal gå fram av føretaket sin gjødslingsplan, og det er krav om skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.

Vi poengterer at maksgrensa berre gjeld dei som søker regionalt miljøtilskot. Det er forskrift om organisk gjødsel og forskrift om gjødslingsplanlegging regulerer bruk av husdyrgjødsel. Dersom føretak har jordtypar, vassinnblanding o.l. som gjer det ønskeleg å bruke større mengder per spreiing, kan dei (innanfor gjødselregelverket) gjere det og la vere å søkje regionalt miljøtilskot på arealet.

Forskrift om regionalt miljøtilskot i jordbruket, Rogaland blir etter dette lydande:



Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Rogaland

Heimel: Fastsett av Fylkesmannen i Rogaland .XXXX med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18 og delegeringsvedtak 23. november 2018 nr. 1751.

Kapittel 1. Innleiande føresegner

§ 1. Formål

Formålet med tilskot etter forskrifa er å bidra til å ta vare jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfold, kulturmiljø og kulturminne, stimulere til god jordhelse og tilgang til jordbrukslandskapet, samt redusere bruk av plantevernmidlar, utslepp til luft og avrenning til vatn frå jordbruket.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld i Rogaland fylke.

§ 3. Grunnvilkår

Dei som kan få tilskot etter denne forskrifta er:

- a. føretak som har gjennomført tiltak på areal dei disponerer i søknadsåret, eller som etter siste søknadsfrist har fått utført klimarådgiving for si driftseining. Føretaket må drive vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar, og må vere registrert i Einingsregisteret.
- b. beiteland kan søkje tilskot for drift etter § 5. I denne forskrifta er beiteland avgrensa til å gjelde samanslutningar som er registrerte som samvirkeføretak eller foreining i Einingsregisteret, der hovudformålet er å samarbeide om målretta fellesløysingar innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.

Kapittel 2. Kulturlandskap

§ 4. Drift av bratt areal

Det kan gis tilskot for drift av jordbruksareal med hellingsgrad på 1:5 eller brattare for å ta vare på kulturlandskapet.

Tiltakklasser: Overflatedyrka og fulldyrka 1:3, overflatedyrka og fulldyrka 1:5, innmarksbeite, innmarksbeite 1:3, innmarksbeite 1:5.

Tilskot blir fastsett per dekar.

§ 5. Drift av beiteland

Det kan gis tilskot for drift av beiteland som oppfyller vilkåra i § 3b. Beitelaget skal vere opent for brukarar som har tilgang til utmarksbeitet, og der samarbeid kan fremje bruk av beiteområdet. Nyregistrerte lag skal ha minst 5 medlemmar og 300 småfeeiningar. Etablerte lag skal ha minst 3 medlemmar og 150 småfeeiningar. Laget må organisere beitebruk på utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret. Laget skal sørge for at beiteområdet blir inspisert minst ein gong kvar veke.



Opplysningar om gjennomført tilsyn med dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk skal laget notere ned.

Tiltaksklasser: storfe/hest, småfe.

Tilskotet blir fastsett per dyr som er sleppt på utmarksbeite.

§ 6. Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark

Det kan gis tilskot for beiting av verdifulle jordbruksareal i følgjande område:

- a. Suldal kommune: Littlehamar, Klungtveit, Mokleiv, Lali, Hamrabø
- b. Lysefjorden: jordbruksareal aust for Lysefjordbrua.
- c. Bjerkreim kommune: Dyrskog ved Ørsdalsvatnet.

Arealet skal vere i normal drift.

Tilskotet blir fastsett per dekar jordbruksareal.

Kapittel 3. Biologisk mangfold

§ 7. Slått av slåttemyr og slåttemark

Det kan gis tilskot for slått av slåttemark og slåttemyr som er gjennomført slik at naturtypen blir tatt vare på eller forbетra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Areala skal vere registrerte i miljødatabasen Naturbase.

Tiltaksklasse: svært viktig, viktig, lokalt viktig.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 8. Beiting av kystlynghei

Det kan gis tilskot per føretak for beiting av kystlynghei som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Kystlyngheia skal vere registrert i miljødatabasen Naturbase eller kartlagt og registrert av Statsforvaltaren.

Tiltaksklasse: Svært viktig, viktig, lokalt viktig.

Tilskotet blir fastsett per dekar kystlynghei

§ 9. Brenning av kystlynghei

Det kan gis tilskot for brenning av kystlynghei som er gjennomført slik at naturtypen er tatt vare på eller betra. Tilskotet blir berre gitt som eit tillegg etter § 8. Beiting av kystlynghei.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 10. Skjøtsel av biologisk verdifulle areal

Det kan gis tilskot per føretak for skjøtsel av myr med verdi svært viktig eller viktig i følgjande kategoriar: A01 – Intakt låglandsmyr, A03 – Terregndekkande myr, A05 – Rikmyr, A07 – kystmyr, D07



– slatte- og beitemyr. I tillegg kjem myr som etter NIN-systemet er kartlagt som semi-naturleg myr med kvalitet 2, 3 eller 4. Myrarealet må grense inn mot fulldyrka jord eller innmarksbeite. Skjøtsel inkludert beiting skal vere gjennomført slik at det biologiske mangfaldet blir tatt vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikke vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Områda må vere kartfesta i miljødatabasen Naturbase. Tiltaksklasse: Svært viktig, viktig.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 11. Skjøtsel av trua naturtypar

Det kan gis tilskot til beite av naturbeitemark og hagemark i jordbrukslandskapet. Beitinga skal vere gjennomført slik at det biologiske mangfaldet blir tatt vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikke vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmidlar. Områda må vere kartfesta i miljødatabasen Naturbase.

Tiltaksklasse: beiting.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 12. Skjøtsel av styvingstre

Det kan gis tilskot for styving av tre som er gjennomført på ein skånsam måte slik at trea sitt særpreg og biologiske mangfold blir teke vare på.

Tilskotet blir fastsett per tre.

§ 13. Soner for pollinerande insekt

Det kan gis tilskot for å så og skjøtte soner med pollinatorvenlege planteartar på jordbruksareal, eller soner som grenser til jordbruksareal. Sonene må ha pollinatorvenlege blomster gjennom vekstsesongen. Frøblandinga skal ikke innehalde framande artar som Artsdatabanken vurderer ha større enn høg risiko for spreing. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikke vera gjødsla eller sprøyta med plantevernmidlar.

Tiltaksklasse: Eiga stripe.

Tilskotet blir fastsett per meter.

§ 14. Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Det kan gis tilskot for å leggje til rette for hekking og beiting av fugl på eller i tilknyting til jordbruksareal:

- Tilrettelegging for vipe på fulldyrka areal som er innmeldt til kommunen eller Statsforvaltaren innan 1. mars same år.
- Fuglerike biotopar i våtmarksområde definert i kartportalen Temakart – Rogaland/rmp.

Tiltaksklasser: Høg tilrettelegging, låg tilrettelegging.

Tilskotet blir fastsett per dekar.



Kapittel 4. Kulturminne og kulturmiljø

§ 15. Drift av seter

Det kan gis tilskot for drift av seteranlegg med mjølkeproduksjon. Produksjonsperioden skal være minst fire veker per sesong. Mjølka som blir produsert skal leverast til meieri eller forelast på setra. Produksjonen skal svare til minimum 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk i døgnet per seter. Som seter reknast eit produksjonsstad for mjølk med husvære for folk og bufe som berre er eigna for bruk i sommarsesongen og som nyttar eit anna ressursgrunnlag enn areala nær driftssenter.

Tiltaksklasser: eigen foredling 4–6 veker, eigen foredling 6 veker eller meir, levering til meieri 4–6 veker, levering til meieri 6 veker eller meir.

Tilskotet blir fastsett per seter, fordelt på tal føretak som har dyr på setra.

§ 16. Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Det kan gis tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 4, som grensar til jordbruksareal. Skjøtselen skal vere gjennomført slik at kulturminnet er tatt vare på og er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden. Føretaket må disponere minst 15 dekar med automatisk freda kulturminne for å kunne få tilskot.

Tiltaksklasser: beiting, slått.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 17. Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne

Det kan gis tilskot for skjøtsel av gravminne etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 4, som grensar til jordbruksareal. Skjøtselen skal vere gjennomført slik at kulturminnet er tatt vare på og er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden. Føretaket må disponere minst 3 gravminne for å kunne få tilskot.

Tiltaksklasse beiting, slått.

Tilskotet blir fastsett per stykk.

Kapittel 5. Friluftsliv

§ 18. Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet

Det kan gis tilskot for vedlikehald og merking av turstiar for den delen av stien som går over eller ved jordbruksareal. Turstien skal vere open for allmenn ferdsel, og vere ein del av eit samanhengande tursti-nettverk merka av på offentleg tilgjengeleg turkart.

Tiltaksklasser: Høg tilrettelegging, låg tilrettelegging.

Tilskotet blir fastsett per meter.



Kapittel 6. Avrenning til vatn

§ 19. Grasdekt kantsone i åker

Det kan gis tilskot for fleirårig grasdekke langs kanten mot vassdrag på åkerareal. Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei breidde på minimum åtte meter, målt frå normalvasstanden i vassdraget, der minst seks meter ligg på fulldyrka areal.

Avstanden mellom vassdrag og gjødselfri kantsone skal ikkje vere meir enn 8 meter. Vekstane skal vere godt etablerte om hausten i søknadsåret. Areala skal ikkje gjødsla last eller sprøytaast, og skal slåast, beitast eller pussast i søknadsåret. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli.

Føretaket må minimum ha 50 meter grasdekt kantsone. Sonen må vere ved vassdrag i Jæren vannområde eller Haugaland vannområde. I tillegg blir det i Dalane gitt tilskot til Hellelandsvassdraget og nedre del av Hålandselva. I Ryfylke blir det gitt til: Vostervatnet, Nordlandsvatnet, Hetlandsvatnet, Espedalsvatnet, Espedalsvassdraget.

Tiltaksklasser: korn, potet/grønsaker.

Tilskotet blir fastsett per meter.

§ 20. Kantsone i eng

Det kan gis tilskot for å ha ei kantsone i eng langs kanten mot vassdrag som ikkje er gjødsla eller sprøyta i søknadsåret. Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei breidde på minimum seks meter, målt frå normalvasstanden i vassdraget, der minst fire meter ligg på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Avstanden mellom vassdrag og gjødselfri kantsone skal ikkje vere meir enn 8 meter. Kantsona skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli.

Føretaket må minimum ha 50 meter grasdekt kantsone. Sonen må vere ved vassdrag i Jæren vannområde, Haugaland vannområde. I tillegg blir det i Dalane gitt tilskot til Hellelandsvassdraget og nedre del av Hålandselva. I Ryfylke blir det gitt til: Vostervatnet, Nordlandsvatnet, Hetlandsvatnet, Espedalsvatnet. Med prioritert område meinast areal som ligg i Jæren vannområde eller i Haugaland vannområde.

Tilskotet blir fastsett per meter.

Grasdekte vassvegar og grasstriper i åker

Det kan gis tilskot for fleirårig grasdekke i dråg på åkerareal. Grasdekket skal minimum vere seks meter breitt. Grasveksten skal vere godt etablert om hausten i søknadsåret. Tilskotet kan også gis for grasdekke på tvers av fallet i lange hellingar i åkerareal. Grasdekket skal minimum vere to meter breitt.

Vekstane skal vere godt etablerte om hausten i søknadsåret. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli.

Tiltaksklasser: korn, potet/grønsaker.

Tilskotet blir utmålt per meter.



Kapittel 7. Utslepp til luft

§ 21. Nedfelling av husdyrgjødsel

Det kan gis tilskot for spreiing av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Det skal minimum spreast 5 kg total-nitrogen i husdyrgjødsla per dekar og maksimalt 6 tonn per dekar per gjødsling. Utstyr som gir grunnlag for tilskot må bli nytta ved all bruk av husdyrgjødsel på arealet i søknadsåret. Siste frist for spreiing er 10. august. Statsforvaltaren kan sette seinare frist på bakgrunn av klimatiske forhold.

Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter siste spreiing i søknadsåret. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.

Tiltaksklasser: nedfelling i veksande kultur, nedfelling i open åker.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 22. Nedlegging av husdyrgjødsel

Det kan gis tilskot for spreiing av husdyrgjødsel og biorest ved nedlegging på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Det skal minimum spreast 5 kg total-nitrogen i husdyrgjødsla per dekar og maksimalt 6 tonn per dekar per gjødsling. Utstyr som gir grunnlag for tilskot må bli nytta ved all bruk av husdyrgjødsel på arealet i søknadsåret. Siste frist for spreiing er 10. august. Statsforvaltaren kan sette seinare frist på bakgrunn av klimatiske forhold.

Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter siste spreiing i søknadsåret. Husdyrgjødsel og biorest som er spreidd ved nedlegging i open åker må moldast ned innan atten timer.

Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.

Tiltaksklasser: nedlegging i veksande kultur, nedlegging og nedmolding innan 18 timer i open åker.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 23. Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange

Det kan gis tilskot for spreiing av husdyrgjødsel og biorest med tilførselsslange, som eit tillegg til tilskot etter §§ 21–22. Tilføringslange må bli nytta ved all bruk av husdyrgjødsel på arealet i søknadsåret.

Føretaket må kunne dokumentere bruk av tilførselsslange.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

Kapittel 8 Jord og jordhelse

§ 24. Fangvekstar som underkultur

Det kan gis tilskot for fangvekstar sådd i veksande kulturar av korn, oljevekster, belgvekstar, radkulturar eller mais. Fangveksten skal vere godt etablert om hausten, og skal ikkje vere hovudvekst året etter at den er sådd. Arealet skal ikkje sprøytast med plantevernmidler eller



gjødslast om hausten. Arealet med etablert fangvekst skal ikkje jordarbeidast før 15. februar året etter søknadsåret.

Tiltaksklassar: hovudvekst korn/oljevekstar/belgvekstar/fôrmais, hovudvekst grønsaker/potetar.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 25. Fangvekstar sådd etter hausting

Det kan gis tilskot for fangvekstar sådd etter hausting av grønsaker, korn, poteter og rotvekstar. Fangveksten skal vere godt etablert om hausten, og skal ikkje vere hovudvekst året etter at den er sådd. Arealet skal ikkje sprøyta med plantevernmidlar og ikkje gjødslast etter hausting av hovudveksten. Det kan gis løyve til å sprøyte i vekstsesongen mot floghavre, hønsehirse og svartsøtvier. Arealet med etablert fangvekst skal ikkje jordarbeidast før 15. februar året etter søknadsåret.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 26. Spreiing av biokol

Det kan gis tilskot til spreiing av biokol i open åker. Biokolet skal moldast ned etter spreiing. Innkjøpt biokol må oppfylle dei europeiske kvalitetskrava for EBC. Eigenprodusert biokol må lagast av rein skogvirke eller plantemateriale frå garden.

Tilskotet blir fastsett per kg basert på biokol med minimum 75 prosent tørrstoff. Det skal teiknast inn i kart kva areal som har fått tilført biokol.

Kapittel 9. Miljøavtale og klimarådgiving

§ 27. Miljøavtale

Det kan gis tilskot til føretak som teiknar miljøavtale og gjennomfører ein kombinasjon av tiltak for styrka miljøinnsats i nedslagsfeltet til vassdrag definert i kartportalen Temakart – Rogaland/rmp. Trinn 1 er dei tre første åra med miljøavtale. Trinn 2 er dei neste tre åra. Innhaldet i miljøavtalen kjem fram av vedlegg 1.

Tiltaksklasser: Trinn 1, trinn 2.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

§ 28. Klimarådgiving

Det kan gis tilskot for eit utført klimaråd som er gjort mellom 15. oktober førre år til 15. oktober i søknadsåret. Tiltaksplan utarbeidd i samband med utført rådgiving skal ligge ved søknaden, og skal vere signert av rådgivar.

Klimarådgiving skal innehalde ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar frå alle produksjonar på garden, med sikte på å gjennomføre klimatiltak. Behov for klimatilpassing skal inngå i rådgivinga. Tilbydarar av klimarådgiving skal vere godkjende av Landbruksdirektoratet. Dersom det blir søkt om tilskot for gjennomført klimarådgiving i fleire søknadsperiodar skal det utarbeidast ein ny tiltaksplan der det også er gjort greie for gjennomførte tiltak frå førre tiltaksplan.



Tiltaksklasser: To-til-ein rådgiving, ein-til-ein rådgiving, grupperådgiving

Tilskotet blir utmålt per stykk.

Kapittel 10. Generelle føresegner

§ 29. Utmåling og utbetaling av tilskot

Tilskotet blir rekna ut etter satsar fastsett årleg av Statsforvaltaren. Tilskot blir gitt for det året tiltaket blir gjennomført. Det kan gis tilskot til klimrådgiving som er fullført sidan førre søknadsfrist. Statsforvaltaren kan sette maksbeløp for tilskot eit føretak kan få innvilga per tiltak eller gruppe av tiltak.

Statsforvaltaren kan sette krav til minimum til einingar føretaket må disponere for å ha rett til tilskot. Føretak som søker tilskot til same tiltak og som reelt sett inngår i ei felles verksemder eller på anna vis har skalafordeler gjennom samarbeid, kan få felles berekning av tilskotet. Dersom føretaka aktlaust eller med forsett ikkje opplyser om at dei er i driftsfellesskap kan dei få ta tilskotet avkorta.

§ 30. Søknad

Føretak som søker tilskot skal nytte søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet.

Søknadsfristen er 15. oktober. For beitelag som søker tilskot etter § 5 er fristen 15. november.

Dersom søknaden blir levert etter fristane i andre ledd, blir tilskot redusert med 1000 kroner per dag inntil 14 dagar etter utgått frist. Tilskotet kan ikkje overførast til eige eller pant.

Søknader om regionalt miljøtilskot som er levert innan 15. oktober kan endrast av søker fram til 29. oktober utan at tilskotet blir avkorta. Søknadar om tilskot til drift av beitelag etter § 5 kan ikkje endrast etter 15. november.

§ 31. Administrasjon, dispensasjon og klage

Statsforvaltaren administrerer tilskota etter denne forskrifta.

Kommunen gjer vedtak om tilskot. Statsforvaltaren kan i særlege tilfelle dispensere frå føresegne om tilskot fastsett i denne forskriften.

Kommunen sitt vedtak kan klagast på til Statsforvaltaren. Vedtak fatta av Statsforvaltaren i første instans kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

§ 32. Opplysningsplikt og kontroll

Den som søker tilskot pliktar å gi alle opplysingar som kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetalinga av tilskot er riktig. Søkaren har plikt til å utlevere all bokføring, korrespondanse og nedteikningar som gjeld tilskotet.

Opplysingar gitt i samband med søknaden om tilskot kan også bli kontrollerte ved telling og måling på dei eigedomane som føretaket nyttar i drifta.

§ 33. Avkorting ved regelverksbrot mv.

Heile eller delar av det samla tilskotet kan avkortast dersom føretaket:



- a. aktlaust eller forsettleg har drive eller driv verksemda i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd.
- b. har brote føresegner i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging, eller ikkje har ført journal over plantevernmidlar som føretaket har nyttet seg av på areala det disponerer. Journalen skal innehalde opplysingar om namn på plantevernmiddelet som blir brukt, tidspunkt for behandlinga og dosa som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet blei brukt på. Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket ikkje kan legge fram slike journalar for dei siste tre åra
- c. knytt til jordbruksarealet det disponerer ikkje har ei vegetasjonssone på minst to meter mot vassdrag med årssikker vassføring, målt horisontalt frå normalvasstanden til vassdraget. Vegetasjonsona kan ikkje bli jordarbeidd.
- d. på eller knytt til arealet føretaket disponerer gjer inngrep slik at kulturlandskapet får mindre verdi. Det kan likevel berre bli avkorta for inngrep på eigedomar som føretaket heilt eller delvis disponerer. Dersom anna regelverk ikkje er til hinder for det, kan kommunen på førehand godkjenne inngrep som reduserer openberre driftsmessige vanskar.

§ 34. Avkorting ved feilopplysningar og oversitting av frist

Heile eller delar av det samla tilskotet til føretaket kan bli avkorta dersom føretaket aktlaust eller forsettleg har gitt feil opplysingar i søknaden slik at søkeren, eller andre, urettkomen har fått, eller kunne fått, utbetalt tilskot.

Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket ikkje har halde dei fristane som kommunen, Statsforvaltaren eller Landbruksdirektoratet har sett for å kunne utføre sine kontrollloppgåver i medhald av §32.

§ 35. Tilbakebetaling og renter mv.

Urettkomen utbetalt tilskot kan krevjast tilbake frå føretaket, eller motrekna i seinare utbetaling av tilskot. Tilsvarande gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følge av vedtak om avkorting etter §§ 33–34.

Det kan krevjast rentar når krav om tilbakebetaling ikkje er innfridd ved forfall. Ved grov akløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalingsa av det urettkomne tilskotet. Størrelsen på renta følger rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

Krav frå offentleg styresmakt som følger av føretaket si jordbruksverksemd kan motrekna i seinare utbetalinger av tilskot til føretaket.

§ 36. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift av 17. juni 2019 nr. 740 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland oppheva.



Geir Skadberg (e.f.)
landbruksdirektør

Monica Dahlmo
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Landbruksdirektoratet

Postboks 1450 Vika

0116

OSLO

Adresseliste:

Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund